

Innsamlinga til Romania

...er ferdig for denne gong. Og resultatet vart over all forventning, det må me vel ha lov å seia, når me fyller ein og ein kvart trailer kvart år (i ein kommune som tel 3845 personar). Eg trur at der er mange som samlar inn frå slekt, venner og kjende som bur utafor kommunen. De gjer ein flott innsats, tusen takk!

Stor takk sender eg også til dykk alle som stiller opp år etter år og hjelper til med å fylla traileren.

Den første traileren sende eg til Huneduara, slik eg har gjort i mange år. Dei ca 400 kolliane som stod att, fekk eg senda på ein trailer som var bestilt av ei dame i Bygland. Ho sender til Târgu Mures, det er den byen som Morten Brekke driv eit stort hjelpearbeid i.

I denne byen ligg det dagsenteret som eg støttar med overskotet frå innsamlinga. Home of Love and Mercy. Der får unge mødre, heilt ned i 12-13 års alderen, hjelp og råd til å stella ungane sine, slik at dei slepp å gi dei frå seg på ein barneheim. Gamle kan få klede, ein pose mat eller noko dei treng.

Ein skuleklasse på 25 elevar lærer det mest nødvendige, slik at dei kan gå over i ein vanleg klasse.

20 damer lærer å strikka, i tillegg får dei undervisning i hygiene.

Senteret er brukt kvar dag, ofte om kvelden også. Mange ungar kjem innom rett og slett for å leika med det som ligg i leikekassen.

Dei store, statlige barneheimane har aldri hatt ord på seg for å vera ein god stad å vaksa opp. Eg skal ikkje gå i detaljer, men eg skal fortelja livshistorien til Diana Kapas. Denne jenta var ilag med fire andre jenter inviterte til Sauda av Morten Brekke. Dei hadde vakse opp på same barneheimen, og vart «kasta» ut



Inger Apeland er strålende nøgd med årets innsamling til Romania, og fortel her om kva som skjer med det ho samlar inn. Arkivfoto.

då dei var 18 år, så måtte dei greia seg med det dei hadde lært. Sigøynerane har det ekstra vanskeleg, både med å få arbeid eller husvære, og dei blir eit lett bytte for menneskehandel.

Diana Kapas fortel: "Eg er yngst av sju søsken. Far tok livet sitt før eg vart fødd, og mor døydde rett etter fødselen. Brørne mine og eg vart plasserte på barneheimar.

I dei 18 åra eg budde der, var grov krenking og mishandling heller regelen enn unntaket. Me vart snauklippte og fekk utdelt guteklede, og me vart slått, anten me oppførte oss eller ikkje.

På barneheimen var det 400 born, på «mitt» rom var det plassert 40 jenter.

Jentene budde i andre og tredje etasje, gutane i første, og når me skulle dusja, vart me kledd nakne, og så måtte me springa forbi alle gutane og dei mannlege pleiarane. Det var fullt akseptert at ein mannleg pleiar kunne plukke seg ut ei jenta. Ein gong prøvde eg å dekkja meg til med eit handkle, då reiv dei handkledet av meg og slo meg. Dei mannlege pleiarane bruka å stå å betrakta oss når me dusja.

Dagane var prega av alt anna enn leik og moro. Der var ingen spel eller leiker

på barneheimen, og ungane brukte dagane til å sitja og stirra ut i lufta og vogga fram og tilbake. Me fekk ingen opplæring i skikk og bruk, men vart straffa for barnleg oppførsel.

Me visste ikkje korleis me skulle bruka kniv og gaffel, eller skei. Viss me ville byta mat innbyrdes, vart me fråtekne maten. Som straff måtte me sitja og løfta armene opp og ned i 20 min. samstundes som me måtte sjå på at maten vår vart gitt til grisene."

Det første året etter at Diana vart kasta ut av barneheimen, vart eit vondt og vanskeleg år for henne.

Ein dag vart ho plukka opp av ein misjonær frå New Zealand, April Lynn. Ho vart den mora som ho aldri hadde hatt. No fekk ho læra alt det ho ikkje kunne, frå å vaska seg, til å føra rekneskap for butikken.

(Butikken heiter Hulda's seconhand shop. Hulda er ei jenta i Bygland, ho har Down's syndrom, ho er ein ivrig medhjelpar for Åse.)

Desse fire jentene jobbar i butikken, får si løn, betalar husleige og sine rekningar. Det er ikkje så store summar, men dei lærer prinsippet, og så vert det «lønstigning» etter kvart. (April arbeidar gratis, ho har ein mann med inntekt.)

Det er dette me vil førebyggja med dagsenteret, eg ser dette arbeidet som det beste å bruka overskotet på. Det har alltid vore lettare å førebyggja enn å helbreda, seiest det.

Takk for at du støttar arbeidet, ha ein fin haust.

Beste helsing
Inger Apeland